



Alver kommune Plan og byggesak
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: 3236b2dd-0323-44a6-ae24-
955ba46521b9
Vår: 22/5295 - 22/55155

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:

05.07.2022

Uttale legalisering av mur, basseng og terrasse - gbnr 137/569 Alver

Tiltak: Legalisering av oppsett mur, basseng og terrasse
Byggjestad: Ikenberget 33 A og B – GBNR 137/569
Tiltakshavar: Arild Haukeland
Ansvarleg søkar: Arild Haukeland

Saka gjeld søknad om legalisering av etablert mur, basseng og terrasse på gbnr 137/569.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Ikenberget. Del av gnr. 137 – planid: 1263-200202 er definert som områder for boliger med tilhørende anlegg. Planen har regulert byggegrense mot veg.

VURDERING

Byggesak ber om uttale frå VA-avdeling vedkomande mur, bassenget og utslepp inn på kommunalt vatn.

Uttale:

Alver kommune ved Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning viser til førespurnad om uttale på søknad om legalisering av mur, basseng og terrasse.

Vi har sett på dokumentasjon vedlagt saka og har følgjande kommentarar:

Avstand til kommunalt leidningsnett:

På vedlagt situasjonsplan er ikkje kommunalt leidningsnett vist på planen. Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning har kommunalt leidningsnett liggande i kommunal veg. Etter det vi kan sjå er mur plassert nærare kommunalt leidningsnett enn avstandskrav på 4.0 meter (jf. «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Adm. bestemmelser» pkt. 3.4). Det må sendast inn søknad om dispensasjon frå avstandskrav. Søknad må stilast til Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning.

Med søknad skal det leggest ved følgjande dokumentasjon:

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

- I søknad skal oppgi minste avstand frå ytterkant mur til næraste del av kommunalt leidningsnett. Avstanden skal være vist og målsatt på situasjonsplan (VA-kart) i målestokk M 1:500.
- Det skal leggest ved tverrsnitt/lengdesnitt som viser tiltaka sine plasseringet i forhold til veg og kommunale leidninger. Alle avstander og høgder skal være målsatte.
- Da mur er etablert nærare kommunalt leidningsnett enn avstandkrav skal leggest ved dokumentasjon på korleis mur er fundamentert for å hindre utrasing ved arbeid på kommunalteknisk anlegg (veg, vatn, avløp og veglys).

Rørleggarmelding:

Det er krav om innsending av rørleggarmelding ved etablering av basseng, da dette medfører ei vesentlig endring i forbruk av vatn.

I rørleggarmeldinga skal ein og søkje om løyve til å sleppe bassengvatn ut på kommunalt overvassnett. Rørleggarmeldinga skal sendast inn av godkjend rørleggar.

Med helsing
Alver kommune, Samferdsel, veg-, vatn- avløp-
forvaltning

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune Plan og byggesak Postboks 4 5906 FREKHAUG